

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Føretak: Helse Vest RHF
 Dato: 16.01.2011
 Sakshandsamar: Torunn Nilsen
 Saka gjeld: **STYRESAKER / NOTAT UNDER UTARBEIDING I HELSE VEST RHF**

Styresak 014/11 B - Vedlegg

Styremøte 03.02. 2011

| Sak | Frå | Framdrift |
|---|---|---|
| Tema om innovasjon og næringsutvikling i helsesektoren | Styremøte 4. februar 2009 Sak 011/09 O | Styreseminar |
| Orienteringssak om gjestepasientar, med oversikt over kva for pasientar som reiser ut og inn av helseregion Vest. | Styremøte 3. juni 2009 Sak 051/09 B | Februar 2011 |
| Kommentere status på punkta som gjeld studentar/lærlingar og universitet/høgskule/vidaregåande skule i Helse2020 | Styremøte 2. desember Sak 117/09 | Ved neste Helse 2020-rapportering |
| Notat om prosessen i samband med val av nye eigaroppnemnde styremedlemmer i underliggjande helseføretak | Styremøte 3. mars Sak 035/10 | Før neste endring i HF-styra (hausten 2011) |
| Samansetting av regionalt brukarutval - vurdering av systemet for oppnemning og særleg korleis rusområdet kan bli betre representert og om store organisasjonar utanom samanslutningane som til dømes Kreftforeningen skal ha eigen representasjon | Styremøte 22. juni Sak 076/10 | Før neste oppnemning av RBU |
| Sak/notat om legefördeling i 2011 og framover | Styremøte 22. juni Sak 080/10 | Mars 2011 |
| Likeverdige helsetenester - Ein studie frå Folkehelseinstituttet viser at aukinga i levealder berre skjer i dei mest ressurssterke gruppene i befolkninga og at det er store forskjellar mellom ulike grupper. Styret ønskte ei styresak for å belyse dette, og for å vurdere tiltak for å sikre at tenestetilbodet er likt til alle grupper i befolkninga. Styresaka bør belyse mogleg samarbeid med instansar som jobbar med folkehelse, og ein bør vurdere om det arbeidet med "helseatlas" i Hordaland for om lag 10 år sidan kan belyse dette. | Styremøte 22. juni Sak 080/10 | Mars 2011 |
| Behandlingstilbod til gravide rusmisbrukarar - Styret ba administrerande direktør sjå på og vurdere tilbodet til gravide rusmisbrukarar etter 6.2a (§ 6-3) og komme tilbake med ei sak på eit seinare tidspunkt | Styremøte 22. juni Sak 081/10 | Ikkje tidfesta |
| Finansreglementet – Styret ønskjer å gjere ei ny vurdering av reglementet om føretaksgruppa får stabilt økonomisk overskot. | Styremøte 1. september 2010 Sak 087/10 O pkt 4 | Ikkje tidfesta |
| Sak – utviklinga innan barne- og ungdomspsykiatrien | Styremøte 1. september 2010 | Våren 2011 |

| | | |
|---|---|----------------|
| | Sak 093/10 B | |
| Rapport om oppfølging av økonomistyring i helseføretaka – Orientering om det arbeidet med tiltak i føretaka | Styremøte 1. september 2010 Sak 096/10 B | Ikkje tidfesta |
| Orientering om LAR i Helse Førde HF | Styremøte 6. oktober 2010 Sak 106/10 B | Mars 2011 |
| Rapportering på bruk av korridor plassar i Helse Stavanger HF og innan psykisk helsevern i Helse Bergen HF – Styret ønske å ta denne rapporteringa inn i månadleg rapportering frå verksemda i 2011 | Styremøte 1. desember 2011 Sak 120/10 O pkt 1 og 2 | Februar 2011 |

Oppdatert 16. januar 2011
TN